

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag, onsdag 24.november 2010

Til stades: Johan Urheim, Bjørg Samland, Trond Vikane

Sak 1 Orienteringssaker

Ein elektrisk kontroll 4.november av heile skulebygget avdekket ein del feil og manglar på det elektriske anlegget.

Dei fleste av manglane utanom verkstadavdelinga er no utførte. Når det gjeld snikkarverkstaden var det krav om eit omfattande arbeid med mellom anna omlegging av det elektriske anlegget til trefasa anlegg, og skifte av alle stikk-kontaktar og takarmatur til støvtette kontaktar og armatur.

Det var Jondal kommune som i si tid godkjente avdelinga til snikkarverkstad og leigde den ut til Tre Tradisjon Herand og Arjen Stolk. Herand Bygdelag overtok og vidareførte denne utleiga av verkstadavdelinga ved kjøpet av Herand Skule i 2008.

Styret i bygdelaget vil ikkje opprusta denne avdelinga til godkjent snikkarverkstad. Det vil verta svært kostbart, og me ser heller ikkje for oss denne typen bruk av rommet når noverande utleige tar slutt.

Sak 2 Bygdelagsbasaren 5.juledag

Me har fått inn mange fine gevinstar til loddbøkene. Startar loddsalet på julemessa og deretter i butikken.

Sak 3 Økonomi

Drifta av barnehagen fram til oktober viser eit litt dårlegare driftsresultat samanlikna med tilsvarende tidspunkt i fjor. Det kan sjå ut til at årsresultatet vil gå i balanse.

Trond Vikane
skrivar